

Notat

Frå: Arlen Synnøve Bidne

Til: FRM, Bjørn Birger Bremer, Svein Hågård, Ina Therese Sørfonden

Kopi til:
Ingebjørg Erikstad

Luster - gbnr.1/1 Ormelid - klage på vedtak om å ikkje overta ansvaret for vedlikehald av privat veg

I brev av 9. januar 2014 søkte advokat Arne Gjeraker om at stat/fylkeskommune/kommune tok over ansvaret for vedlikehaldet av den private vegen opp til garden Ormelid og/eller yter eit tilskot som dekkjer det normale vedlikehaldet av vegen frå og med 2011, til no og for komande år.

Bakgrunnen for søknaden er at garden Ormelid i 2011 vart vurdert som eit kulturminne av nasjonal verdi og vedteken freda etter Lov om kulturminne (kml). Vedtaket omfattar freding av alle bygningane i tunet til bruk 1 etter kml § 15 og eit område som omfattar innmarka til bruk 1, samt ein del av utmarka til bruk 1 og 2 vart freda etter kml § 19. Føremålet med fredinga etter § 19 er å bevare verknaden av kulturminnet i miljøet og å beskytte vitskaplege interesser som knyter seg til det. Vegen opp til Ormelid er av nyare dato og vart ikkje tillagt noko eigen kulturminneverdi i samband med fredinga og er heller ikkje nemnd i føremålet med fredinga.

Fredingssaka vart starta opp etter oppmoding frå eigarar og brukarar av bruk 1 Erling og Kjellaug Ormelid. Etter at Erling Ormelid gjekk bort har hans del av eigedomen vore forvalta av bustyrar advokat Arne Gjeraker.

Fram til 2004 ytte Luster kommune eit tilskot til vedlikehald av vegen, men etter at Erling og Kjellaug Ormelid flytta frå bruk 1, har det ikkje vore ytt kommunalt tilskot til vegen. I dag er det ingen fastbuande på bruk 1 og 2. Eigar av bruk 2 har gjennomført vedlikehald av vegen også etter 2004, men har ikkje hatt nokon avtale om kostnadsdeling med eigar av bruk 1. Eigar av bruk 2 har geiter som beiter på marka til begge bruka og ein skjøtselsavtale for innmarka til bruk 1. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane yter tilskot til gjennomføring av skjøtselen på innmarka til bruk 1.

I brev av 5. februar 2014 gjorde Sogn og Fjordane fylkeskommune fyljande administrative vedtak:

Søknaden dykka om at Sogn og Fjordane fylkeskommune overtek ansvaret for vegen frå 2011 og for komande år, eller gjev eit tilskot som dekkjer de normale vedlikehaldet av vegen vert med dette avslått.

Avslaget var grunna i at det er eigar, og ikkje fylkeskommunen, som har ansvar for det ordinære vedlikehaldet på ein freda eigedom.

I brev av 11. februar 2014 frå bustyrar vart fylkeskommunen sitt vedtak av 5. februar 2014 påklaga. Grunnlaget for klagen er manglar ved sakshandsaminga/og eller feil rettsbruk. I klagar si grunngjeving av klagen tekk han fram fyljande punkt:

- Det offentlege har overtatt eit medansvar som inkluderer plikter for forvaltninga av nemde eigedomar
- Eigar ikkje kan leve med at det offentlege ikkje vil ta noko ansvar for framtidig vedlikehald
- At eigedomen ikkje har eit framtidig inntekspotensial med fredinga vil ein mogleg konsekvens være at det vert minimalt framtidig vedlikehald
- Ved at det offentlege tek del i årleg kostnad for framtidig vedlikehald av vegen vil gje eigarane eit signal om eit visst offentleg medansvar.
- Ved manglande kontinuerleg vedlikehald vil vegen om få år vere ubrukeleg

I klagen vert det ikkje gjeve opplysingar om kva sakshandsamingsfeil klagar meiner at fylkeskommunen har gjort.

Kulturavdelinga si vurdering av klagen

Eit vedtak om freding av ein eigedom omfattar ikkje ei overtaking av eigar sitt ansvar for vedlikehald av eigedomen. Forvaltninga skal bistå eigar med råd og rettleiing i samband med istandsetjing av kulturminnet, utforming av søknadar og informasjon om sakshandsamingsrutinar og tilskotsordningar. Informasjon om eigar sine rettar og pliktar vart sendt eigar i samband med fredingsaka.

Fredingsvedtaket for Ormelid legg ikkje restriksjonar på bruken av eigedomen slik at potensialet for inntekt er blitt redusert i forhold til tida før eigedomen vart freda. På fredingstidspunktet var gardsdrifta lagt ned og eigar av bruk 2 hadde ein avtale om skjøtsel av innmarka til bruk 1. Fredingsvedtaket er ikkje til hinder for at dette kan vidareførast, noko som også har blitt gjort i tida etter fredinga. Ei auke i drifta av garden vil være eit positivt tiltak som vil bidra med å halde kulturlandskapet ope og gjere at eigar får nytte av bygningane i tunet i tillegg til inntekter frå gardsdrifta. Det vil være moglegheit til å tilpasse bygningane slik at ein kan bu der og ha dyr i driftsbygningen innanfor rammene av fredingsvedtaket.

Det offentlege yter i dag ikkje noko generelt tilskot til vedlikehald av freda anlegg. Eigarar av eit freda anlegg har moglegheit til å søkje om tilskot til konkrete istandsetjingstiltak. Dersom det vert gjeve vilkår i ein dispensasjon frå fredingsvedtaket som fordyrar tiltaket, har eigar krav på å få dekkja dette heilt eller delevis. Det ordinære vedlikehaldet av vegen opp til Ormelid er eigar sitt ansvar og etter vår vurdering er det i eigar si interesse at den vert vedlikehalde slik at dei kan nytte eigedomen.

Klaga peikar på at ei fylje av manglande vedlikehald av vegen vil føre til at dei freda bygningane til bruk 1 vi forfalle. Gjennom plan og bygningslova har alle eigarar av bygningar ei generell plikt til å vedlikehalda sine eigne bygningar. Vedlikehaldet av dei freda bygningane er i tillegg underlagt overvaking frå kulturminneforvaltninga. I tillegg kan alle private eigarar av freda bygningar søkje om tilskot til konkrete istandsetjingsprosjekt på sine bygningar. Det har tidlegare vore løyvd noko tilskot til sikringstiltak på dei freda bygningane og fylkeskommunen er innstilt på at ein i framtida skal løyve ytterlegare tilskot til istandsetjinga av dei. Då det i dag er tvist om eigarforholdet har fylkeskommunen valt å ikkje gå inn med midlar før denne er løyst.

Kulturavdelinga ser utfordringane ved vedlikehaldet av vegen og behovet for å ha ein køyrbar veg opp til tunet på bruk 1. Likevel er det ordinære vedlikehaldet av den private vegen eigar sitt ansvar og Sogn og Fjordane fylkeskommune har ikkje noko medansvar for dette. Fylkeskommunen sitt ansvar som kulturminnemynde er å gje eigar råd og rettleiing i spørsmål som vedrører fredinga. Dette gjeld alt som vedkjem freda bygningar og område, frå rettleiing om vedlikehald til utforming av søknadar og informasjon om sakshandsamingsrutinar, samt søknadar om økonomisk støtte til ulike tiltak. Hovudansvaret for drift, vedlikehald og utvikling av ein eigedom ligg framleis hjå eigaren.

Konklusjon

Kulturavdelinga opprettheld sitt administrative vedtak av 5. februar 2014 om å ikkje overta ansvaret for vedlikehaldet av den private vegen opp til Ormelid.